

2020
STYRET SI ÅRSMELDING OG AKTIVITETSRAPPORT



Osterøy Utvikling AS og prosjekt Arena for Næringsutvikling

Rådhusplassen
N-5282 Lonevåg
Norge

+47 56 19 21 00
post@osteroyutvikling.no
www.osteroyutvikling.no

Organisasjonsnr.: 970956433 MVA
Bankgironr.: 3626.09.01448



Gode idear treng ein stad å lande – «Da ordna me»

OSTERØY UTVIKLING AS



Selskapet sitt føremål har fram til no vore eigedomsforvaltning og eigedomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Selskapet skal og leggja til rette for næringsutvikling i Osterøy. Eigedomsutvikling og næringsutvikling kan gjerast i eigen regi eller i samarbeid med andre.

Som følgje av konklusjonen i rapporten som legg fram forslag til ny modell for arbeidet med næringsutvikling i Osterøy, endra Osterøy kommune i si Eigarskapsmelding selskapet sitt føremål slik:

Selskapet sitt føremål er å fungere som ein mellomromsaktør for vidareutvikling av eksisterande industri og anna næring i kommunen, vidareutvikling av reiselivssatsinga og samskaping av framtid som omfattar meir samarbeid lokalt og regionalt.

Selskapet kan og arbeide med eigedomsforvaltning og eigedomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Aktivitetane kan gå føre seg i eigen regi eller i samarbeid med andre.

Rådhusplassen
N-5282 Lonevåg
Norge

+47 56 19 21 00
post@osteroyutvikling.no
www.osteroyutvikling.no

Organisasjonsnr.: 970956433 MVA
Bankgironr.: 3626.09.01448

Selskapet har sitt forretningskontor i Lonevåg, Osterøy.

Styret

I styret har det vore fem medlemmer, to kvinner og tre menn:

Rita Aud Tveiten, styret sin leiar

Veronica Ahmer, styret sin nestleiar

Jørgen Sandal

Johannes Bysheim

Ragnar J. Tyssebotn

Styret sitt arbeid

Aktiviteten auka samanlikna med tidlegare år ettersom arbeidet med å få på plass ein ny modell for næringsarbeidet i Osterøy har kravd brei forankring hos mange interessentar og stor møteverksemd.

Hovudaktiviteten har vore arbeidet med prosjektet Arena for Næringsutvikling. Dette er ein særst viktig bestilling for selskapet og ein særst viktig bestilling for utvikling av ny næringsaktivitet på Osterøy.

Det har også vore jobba vidare med å profesjonalisere drifta av eigedomane og formalisere utleigeforholdet til Osterøy kommune gjennom å få på plass skriftlege leigekontraktar og avtaler omkring vedlikehald og anna tenestekjøp frå kommunen. Arbeidet blei starta i 2017, men framleis har ikkje selskapet fått gjennomslag for å få desse avtaleforholda inn i ordna former.

Det er gledeleg at Eigarskapsmeldinga til Osterøy kommune no er vedteken. Med bakgrunn i denne har styret i Osterøy Utvikling starta arbeidet med selskapet si eigen strategi. Første del av dette arbeidet er helt i slutfasen og vert levert før sumaren. Det sittande styret vil utarbeide dei overordna milepålane, mens dei strategiske milepålane og den meir operative delen av strategiarbeidet vert ein del av det nye styret sitt arbeid.

Ni styremøte vart halde i 2020. I tillegg har styret deltatt på diverse samlingar og møter med næringslivet i forbindelse med arbeidet med ny modell for næringsarbeidet i Osterøy.

Resultat, egenkapital, framtidsutsiktar mv.

Resultatet for Osterøy Utvikling AS vart i 2020 eit overskot etter skatt på kr 744.377. Overskotet skuldast hovudsakeleg konsernbidrag frå dotterselskap og tilbakegåande avgiftsoppgjer. Etter styret si oppfatning ligg det ikkje føre vesentlege usikre faktorar vedkommande årsrekneskapen. Det var ingen uvanlege eller ekstraordinære tilhøve som oppstod i løpet av rekneskapsåret. Det har heller ikkje komme til vesentlege tilhøve etter utgangen av rekneskapsåret.

Sjølv om det no er brei semje både hos eigar og næringslivet på Osterøy om at selskapet skal leie arbeidet med næringsutvikling på Osterøy, er framtidsutsiktene til selskapet framleis særst usikre som følgje av manglande finansiering.

Styret meiner årsrekneskapen og årsmeldinga gjev eit rett bilde av Osterøy Utvikling AS sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

Disponering av overskot/framlegg til utbytte

Styret foreslår at overskotet vert lagt til selskapets egenkapital.

Organisasjon, arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet har ein tilsett som blei engasjert som prosjektleiar for Herlandsfossen i 2016 og tilsett i fast stilling som dagleg leiar i juni 2019 då selskapet fekk i oppdrag å leie arbeidet med prosjektet Arena for Næringsutvikling. Utan dette oppdraget er det ikkje tilstrekkeleg inntektsgrunnlag til å ha ein tilsett i 100% stilling. Selskapet si daglege leining vert gjort av dagleg leiar. Rekneskapsførsel har fram til 2020 vore gjort av tilsette i Osterøy kommune, men blei frå 1. januar 2021 overført til eit eksternt rekneskapsbyrå.

Osterøy, 31. mai 2021



Rita Aud Tveiten
styret sin leiar



Veronica Ahmer
styret sin nestleiar



Johannes Bysheim



Jørgen Sandal



Ragnar J. Tyssebotn

MYKJE POSITIVT PÅ GONG FOR NÆRINGSUTVIKLING PÅ OSTERØY

Historisk samarbeid på tvers

Næringslivsorganisasjonane står saman og ynskjer ei heilskapleg satsing på næringsutvikling i Osterøy velkommen.

Styret i Osterøy Utvikling har slutta seg til anbefalingane i [rapporten «Ny modell for næringsarbeidet i Osterøy»](#) og har starta arbeidet med å gå i dialog med næringslivsorganisasjonane på Osterøy. Det vert arbeida med å sjå på korleis me saman kan utvikle nye samarbeidsløysingar for næringsarbeidet. Det er oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå Osterøy Industrilag, Osterøy Reiselivslag, Osterøy Bondelag og Osterøy Utvikling og det har vore fire møter så langt.

I slutten av mars i år inviterte næringslivsorganisasjonane gruppeleiarane i alle dei politiske partia til dialogmøte kring organisering og satsing på næringsutvikling. Alle gruppeleiarane stilte seg positive til prosjektet og rapporten, som dei meiner gjev eit godt bilete av mogelegheitsrommet me no har for å få til ein felles satsing med kommunen og næringslivet. Dei meiner det er på høg tid at ein ser på næringsutvikling som eit eige tenesteområde innanfor kommunen og at Osterøy Utvikling her kan være kommunen sin operative arm og ein sentral utviklingsaktør. I byrjinga av april vedtok difor Heradsstyret å endre eigarformålet til Osterøy Utvikling.

Osterøy Industrilag set Ny modell for arbeid med næringsutvikling i Osterøy på programmet på sitt Årsmøte 8. juni.

Snøballen har for lengst begynt å rulla

Tett samarbeid på tvers mellom kommunen, næringslivet, og Fou (Osterøy vidaregåande og oppvekst i kommunen).

Satsingar og samarbeidsprosjekt som allereie er i god fart:

- **Grøn Konkurranseskraft Osterøy**
Samarbeidsprosjekt mellom Industriutvikling Vest, Osterøy kommune, Osterøy utvikling og Osterøy Industrilag.
 - Energidagen - grønne energiløysingar for Osterøy (konferanse)
 - Innovasjonscamp i samarbeid med Osterøy vidaregåande og Ungt Entreprenørskap og Plug/BKK
 - Dialog med Plug/BKK om kombinerte hurtigladarar for båt og bil
 - Smak av Osterøy – utvikling av lokal mat og andre opplevingar
- **Næringsareal**
 - Utbyggingsavtale på Espevoll er i hamn. Osterøy Utvikling sørga for at Invest in Bergen vart kobla på i arbeidet. Dei vart ein fasilitator og pådrivar for dialog med grunneigar. No deltar dei også i arbeidsgruppa som jobbar med næringsareal i prosjektet «Grøn Konkurranseskraft Osterøy».
 - «Opplæring i planarbeid» - me inviterer næringslivet på Osterøy til møte med planavdelinga i kommunen 14. september. Fokus vert på kommuneplanen sin arealdel og korleis verksemder som har utviklingsplanar må jobbe/planlegge for å få planane realisert.

- **Gründersmia i Lonevåg**
 - [Første gründer er på plass.](#)
 - Industriutvikling Vest har kontor i lokalane kor dei har møter både med etablerte bedrifter og gründerar.
 - Osterøy Industrielag og Osterøy reiselivslag held dei fleste av sine møter i smia.
 - Me gjer råd og rettleiing til ulike gründerar og koplar dei opp mot ulike deler av det offentlege verkemiddelapparatet.
 - Me planlegg Entreprenørtdag på Osterøy 18. eller 23. august i samarbeid med Etablerersenteret til Vestland fylkeskommune.
 - Me er heilt i oppstarten på eit spennande samarbeid for å komme vidare med realiseringa av Gründersmia som ein viktig og innovativt møteplass for næringslivet. Det er sendt inn søknad om midlar frå fylket til prosjektet "Lonevåg for alle", - eit samarbeids- og samskapingsprosjekt som knyter saman gode prosjekt, initiativ, planar og eldsjeler, som allereie er oppe i fart.

- **Destinasjon Osterøy – reiselivssatsing**
 - Omdømmebygging, profilering og marknadsføring. visitOsteroy.no
 - Kompetanseheving (Opplivingskurs og pakketeringskurs)
 - Nullmeteroverhavet kabiner, båtrute/fjordhopping, gardsturisme og annan produktutvikling
 - Tett samarbeid med visitBergen
 - [Flott dobbelside oppslag i Bergensavisen](#)

- **Utdanning og Kompetanse**
 - Kompetanseprosjekt Nordhordland / Ressursgruppe Osterøy
 - Framtidas arbeidskraft og kompetanse –dialogmøte med næringslivet på Osterøy Vidaregåande skule i september
 - Bidradd til å få på plass avtale med Ungt Entreprenørskap både på Osterøy Vidaregåande skule og på Osterøy Ungdomsskule.
 - Kompetansesenter CNC & robotteknologi

- **Nettverksbygging**
 - Orienteringsmøte for alle bedrifter på Osterøy på Teams omkring ulike støtteordningar for næringslivet
 - Me har invitert næringslivet til fleire dialogmøter i samband med arbeidet med ny modell for næringsarbeidet i Osterøy.
 - Me gjentar suksessen frå i fjor og inviterer til ny Hagefest for næringslivet på Osterøy 10. juni.

[Aktivitetsrapport for fyrste halvdel av 2020 finn de i digitalt format som e-brosjyre på denne linken.](#)

Andre rapporter frå vårt arbeid finn de på kommunen si heimeside her:
<https://www.osteroy.kommune.no/innhald/skatt-nering-og-landbruk/naringsutvikling/>

